



Team Hardanger

Referat frå møte i Team Hardanger

Torsdag 15.11.2017 kl 09.00 – 11:00

Stad: Thon Sandven, Norheimsund

Tilstades: Jan Tjosås, Natalia Golis, Lisbeth Bygstad Celik, Olav Seim, Sigmund Vereide, Kjersti Børve, Elisabeth Wesenlund Hauge, Trude Rinaldo og Jostein Eitrheim

Forfall: Sigrid Brattabø Handegard, Rannveig Børve, Marie Opheim.

Sakliste

1. Studietur til Gloppen 2017.

Programmet for turen vart presentert og forslag til endringar vart drøfta. Det er svært viktig at denne studieturen vert nytt til å etablera matnettverk for serveringsstadene i Hardanger og at ein drøftar korleis dette skal følgjast opp gjennom forpliktande samarbeid.

2. Fellesprosjekt: Heile Hardanger – Heile året.

Natalia gjennomgjekk presentasjon som vart gjeven til regionrådet 19.10.

MRK: Kultur som næring må inn i planen.

Søknaden vert sendt ut til alle medlemmene i Team Hardanger som gjev innspel på søknadstekst og struktur.

3. Runde rundt bordet – Nytt frå kvar kommune.

Eidfjord:

Stor aktivitet på etablering av turistrelaterte firma som følgje av den store auken i turisttrafikk. Ny reguleringsplan for sentrum vil starta opp. Ny gatestruktur for Eidfjord sentrum. Prioriterer konkrete enkelttiltak før neste sesong. Ny bensinstasjon. Filmturisme er ei spanande nisje. Mogeleg filmsamarbeid Hallingdal/Hardanger.

Kvam:

Ny kommuneplan arealdel klar til utsending for høyring. Hardangerbadet – avklaring i desember? Bjølvfossen går bra. Arbeider med prosjekt for «ansiktsløfting» på Kvamskogen. Nye retningsliner for tildeling av tilskot frå kraftfondet.

Odda:

Oppsummering av turistsesongen 2017 i møte komande mandag.

Liten auke i besøkjande til Trolltunga.

Odda kommune har overtatt Skjeggedalsvegen.

Trolltunga har fått status som nasjonal turiststi.

Vintersesong – Nye snøkanoner i Røldal skisenter.

Samarbeid Trolltunga-Prekestolen-Kjerag omkring vinterturismepakkar.

Nytt vegkryss inn på Smelteverkstomta.

Stort nedtak i budsjett 2018 Odda kommune.

Granvin:

Oksen har vorte eit nytt reisemål som effekt av Trolltungaturismen.

Gjennomfører vedtekne tiltak.

Flomsikring av Granvinselva i regi av NVE.

Utbygging i sentrum. Bustader og næring.

Førebuing til ny kommune.

Ulvik:

Arrangement i Ulvik i førre veke – Citta Slow – svært vellukka.

Innbyggjarmøte vedr. mogeleg SeaWalk i Ulvik.



Hardangerrådet iks



Denne saka tek mykje merksemd i Ulvik.
Dialog med HFK om overtaking av eigedomar på Holmen/Hjeltnes.
Hjeltnes produksjonsskule.
Tilbod om ikkje medisinsk psykiatrisk behandling kan vera aktuelt i Ulvik.

4. Innmeldte saker

Ingen saker innmeldt.

5. Ymse

Ingen saker.

Norheimsund 15.11.2017

Natalia Golis/s
Leiar

Jostein Eitrheim
sekretær